



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 7, 17. februar 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Ros til studentrevyen: "La dei spise kake"

Studentrevyen 2022 har fått mykje og velfortent ros. Tittelen "La dei spise kake" refererer forresten til ei blogg-utgåve av Marie Antonette. Sjå også omtale i [Møre-Nytt](#) og [Møre](#).

**[LES MEIR](#)**



### Dokumentarfilm-festival i april

Den norske dokumentarfilm-festivalen blir arrangert i Volda 20.-24. april. Filmane som skal vere med på festivalen må sendast inn innan 1. mars, og programmet for festivalen blir klart seinare.

**[LES MEIR](#)**



## Lærarstudentane berga undervisninga

10 lærarar vart sjukmelde på ein gong ved Hornindal skule. Då tok lærarstudentane frå Høgskulen i Volda over og redda skuleveka. Rektor Gro Miakelsen seier studentane har vore superflinke.

[LES MEIR](#)



## Kvinnedominans i forskingssøknader

Høgskulen har sendt 6 søknader om forskingsmidlar til Noregs Forskingsråd i februar 2022. Det er fleire enn nokon gong før - og kvinner står som leiarar av dei fleste omsøkte prosjekta.

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv:

### Stor interesse for vidareutdanning i spesialpedagogikk

– Eg har sakna fagleg god og solid grunnkunnskap. Kunnskap eg veit fungerer fordi det er forankra i forskning. Difor søkte eg på Spesialpedagogikk 1 i Kompetanse for kvalitet (KFK), seier lærar Ragnhild Knezevic. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### Inspirerende korseminar for musikkstudentar

Musikkstudent Mathilde Strøm er svært nøgd med å ha fått vore med på korseminar som ein del av undervisninga: – Korseminaret med Jon Lotterud er artig og inspirerende. Han er flink, og han har eit spennande repertoar. Det er kjekt å få synge songar av kjende popartistar som The Police, Beatles, Aha og Queen, seier Strøm. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### Gratis havregraut til morgonfriske studentar

Frå måndag 21. februar og to veker framover blir det gratis havregraut å få i studentkantina - men berre frå kl 08 til kl 10. Og det kan kanskje bli tomt om ein er for seint ute.

### **Menyen i kantina neste veke**

Måndag: Vegetarballar i fløtesaus med heimelaga potetmos/Løksuppe

Tysdag: Fiskekaker med løk og gulrotstuing/tom-kha suppe

Onsdag: Bratwurst med surkål og heimelaga potetmos/karrysuppe med kylling

Torsdag: Potetball med tilbehør/soppsuppe

Fredag: Tacobuffé

Alle middagar kostar kr 14,90 pr. hg. Supper kostar kr 35,-.

[Lenke til Sivolda og kantina sine nettsider.](#)

### **Bokhandelen går tilbake til vanlege opningstider**

Bokhandelen Akademika vil frå 21. februar gå tilbake til dei vanlege opningstidene etter rushet som har vore kring semesterstart. Opningstidene blir då måndag-fredag kl 10-15.

### **Opptak til Kompetanse for kvalitet - søknadsfrist 1. mars**

[«Kompetanse for kvalitet»](#) er styresmaktene si satsing på vidareutdanning av lærarar fram mot nye kompetansekrav i 2025. Høgskulen i Volda (HVO) tilbyr i alt 15 studietilbod for lærarar og barnehagelærarar i dette programmet. Søknadsfristen er 1. mars. Kontaktperson på Høgskulen i Volda er [seniorrådgjevar Ole Frank Bakken](#) ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **Søknadsfrist for opptak til hausten: 20. april**

Samordna opptak opna sine digitale dører for nye søkarar til høgare utdanning 1. februar, og søknadsfristen er 20. april. [Her er informasjon om studietilboda ved Høgskulen i Volda og om Studiebygda Volda.](#)

## **Styre og stell:**

### **Studentbarnehagen - også for barn av tilsette - søknadsfrist 1. mars**

Studentbarnehagen på Røysmarka er open for søknader også for barn av tilsette på Høgskulen i Volda. [Her er omtale av studentbarnehagen på nettsidene til Studentsamskipnaden.](#)

### **Telefonen flyttar frå Skype til Teams**

Høgskulen har i mange år nytta Skype som telefonteneste, men frå 18. februar vil alle tilsette ved Høgskulen i Volda bruke Teams når dei skal ringe frå PC-en. Det blir akkurat dei same funksjonane med Teams som det har vore med Skype. [Her er meir informasjon om taletelefon på Teams.](#) På den sida ligg det også ein [video med instruksjonar for bruk av telefon på Teams.](#)

### **Mammut-rabatt til HVO-tilsette**

Bokhandelen Akademika har det årlege Mammut-boksalet 7.2.-12.3., og HVO-tilsette får rabatt på rabatten om dei tingar bøker på nettsida [akademika.no](#) og nyttar rabattkoden HVOTILSETT.

## **Fag og forskning**



### Tre nye forskingssøknader: Samarbeidsprosjekt i Forskningsrådet

Februar har vore ein god månad for prosjektutvikling ved Høgskulen i Volda. I førre veke fortalde vi om tre forskingsrådssøknader og no har tre nye forskingssøknader vort sendt til Forskningsrådet - no på ordninga for "Samarbeidsprosjekt".

[Sjå oversyn over alle dei 6 søknadene på rektorbloggen.](#)

Her er dei tre prosjektsøknadene innanfor "Samarbeidsprosjekt":

[Førsteamanuensis Jan Håkon Vikane](#), AHL: Education for sustainable development in an out-of-classroom contextualised learning environment. Samarbeidspartar er blant andre Runde miljøsentar, Atlanterhavsparken, Giske kommune, Universitetet i Oslo og Åbo Akademi. Prosjektet er i skjæringspunktet mellom to kunnskapsformidlarar (skular/barnehage og vitensenter). Føremålet er å finne ut på kva måte ein kan styrke dette samarbeidet for å utvikle ein didaktisk praksis innanfor utdanning for berekraftig utvikling som er til nytte for begge partar.

[Førsteamanuensis Andreas Brandsæter](#), AHL: Programming for Understanding Mathematics. Samarbeidspartar er blant andre Ålesund kommune, Møre og Romsdal Fylkeskommune (Ulstein og Spjelkavik vidaregåande skular), Skaparhuset, NTNU og Universitetet i Agder. Prosjektet ynskjer å undersøke korleis programmering kan nyttast som eit effektivt tiltak for å utvikle elevane si forståing i matematikkfaget. I tett samarbeid med grunnskular og vidaregåande skular vil vi utarbeide og evaluere ulike undervisningsopplegg som nyttar programmering som ein integrert del av matematikkundervisninga, og vil studere korleis dette påverkar elevane sine evner, forståing og motivasjon.

[Førsteamanuensis/senterleiar Marit Ulvund](#), AKF/Seanse: #Youngart - promoting future skills through innovative art programs with primary school students, teachers and artists. #Youngarts fireårige program innebærer forskning og utvikling av nye modeller og metoder for en kunstaktiv og fremtidsrettet skole. Målet er ny kunnskap om modeller for samarbeid mellom lærere, kunstnere og elever i grunnskolen, og utvikling av fremtidsferdighetene kreativitet, samarbeid, kritisk tenkning og kommunikasjon. Medforskere er 1. amanuensis Cecilie Haagensen NTNU og professor Sandra Gattenhof QUT, Brisbane. Blant samarbeidspartane er Kulturtanken, Møre og Romsdal fylkeskommune, NTNU, Trøndelag fylkeskommune og fleire norske og utanlandske universitet og kulturarbeidarar.

I tillegg til desse prosjekta er også forskarar på Høgskulen i Volda med som partnarar i prosjekt der andre institusjonar er prosjekteigar.

### **Torgeir Dimmen sluttar som leiar på Nynorsksenteret**

Stillinga som senterleiar på [Nynorsksenteret \(Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa\)](#) har no vorte lyst ut etter at [senterleiar Torgeir Dimmen](#) har gitt beskjed om at han ønskjer å pensjonere seg. Det er 13 tilsette ved Nynorsksenteret som er organisert som eit institutt under Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning ved Høgskulen i Volda. [Les meir om stillinga og send søknad frå nettsidene våre.](#)

### **Forskningsutvalet: Såkornmidlar, professorstipend og støtte til forskingsgruppene**

Forskningsutvalet ved Høgskulen i Volda har sitt [første møte torsdag 17. februar](#). På dagsorden står [blant anna](#) framlegg om revisjon av dei "interne" FoU-poenga ved høgskulen, rapportering om bruk av såkornmidlar i 2019-2020, bruk av midlar i forskingsgruppene og utlysing av professor-/dosentstipend for 2022. [Les alle sakspapira på nettsidene til Forskningsutvalet.](#)

### **Forskningsutvalet: Få søknader om såkornmidlar**

Forskningsutvalet skal på møtet 17. februar tildele såkornmidlar for 2022. Det har kome inn tre søknader på til saman kr 511.500 og det blir foreslått å gje midlar til alle tre søknadene, til saman kr. 461.500. Det utgjer berre halvparten av dei budsjetterte midlane for 2022 som var på kr 900.000. [Les sakspapira på nettsidene til Forskningsutvalet.](#)

### **Læringsverkstaden er open både fysisk og digitalt - nye opningstider**

Læringsverkstaden er HVO si støttetjeneste for tilsette og studentar som vil utvikle bruken sin av digitale ressursar i undervising og studiearbeid. [Sjekk ut dei nye opningstidene for dette glimrande tilbudet.](#)

### **Tiltredingsforelesing professor II Anne Gjelsvik, AMF - 23. februar**

Professor II Anne Gjelsvik vil 23. februar presentere seg i ei opa forelesing på Høgskulen i Volda. Der vil Gjelsvik presentere seg sjølv som forskar med utgangspunkt i eiga forskning på forholdet mellom film og samfunn, og med særleg vekt på arbeidet ho har gjort i prosjektet «Face of Terror». [Les meir om Gjelsvik og tiltredingsforelesinga på nettsidene våre.](#)

### **På biblioteket: Tekst og Tanke + kjærleik = sant - 23. februar**

Tekst og tanke blir arrangert siste onsdag i kvar månad på biblioteket på HVO, og det vil kvar gong vere tekstar som kransar litt rundt eit ope tema. På "Tekst og tanke" kan ein lytte til god litteratur som opnar for undring og nye perspektiv saman med andre, både gjennom teksten og samtalen etterpå. Kanskje blir ein litt klokare på livet eller seg sjølv? Her trengs ingen førebuingar, og alle er velkomne akkurat slik dei er – både om ein har lest mykje og lite! [Les meir om arrangementet på nettsidene våre.](#)

### **På engelsk eller norsk? Webinar 15. mars**

Høgskulen i Volda, Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum arrangerer nasjonalt webinar om Språklova og om korleis engelsk og norsk blir brukt i utdanning, forskning og formidling ved norske UH-institusjonar. Blant innleiarane er språkdirektør Åse Wetås, statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel, 1. amanuensis Alexander H. Sandtorv og professor Jan Inge Sørbo. [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)

## **Forskningsmidlar og forskingsaktivitetar - fristar**

### **Fjordkonferansen 2022: Frist for abstrakt er 1. mars**

Fjordkonferansen 2022 blir arrangert på Hotel Alexandra i Loen 16.-17. juni, og arrangør er NTNU i Ålesund. Det overordna tema for konferansen er Nyskaping. På plenumsprogrammet står blant anna ein debatt om høgskular og universitet si rolle i samarbeid med næringslivet og utdeling av Sparebanken Møres forskarpris for beste artikkel i Fjordantologien 2021, som blir gitt ut på konferansen. Frist for å sende inn abstrakt til konferansen er 1. mars 2022 og innlegga må vere ferdige til 15. mai. [Les meir om konferansen på nettsida Fjordkonferansen.](#)

### **UH-Nett Vest: Nettverks- og prosjektutvikling: Søknadsfrist 15. mars**

UH-Nett Vest har lyst ut midlar som skal bidra til å styrke samhandlinga mellom UH-Nett Vest institusjonane og å bygge sterke relasjonar mellom akademica og eksterne aktørar i regionane. Støtta blir gitt som såkornmidlar til nettverksbygging, prosjektutvikling og formidlingsaktivitet. Det kan søkast om inntil kr 200.000 pr søknad. [Les meir om støtteordningane på nettsidene til UH-Nett Vest.](#)

### **FoU-stipend for 2023: Søknadsfrist 15. mars**

Fast tilsette på Høgskulen i Volda kan no søke om FoU-stipend for kalenderåret 2023. Føremålet med FoU-stipenda er å gi meir samanhengande tid til forskning og fagleg utvikling i eitt semester. Det er eit vilkår at søkjar har ordna med frikjøp frå undervisningsoppgåver i stillinga si, til dømes ved at det vert tilsett vikar. Tidsrommet for frikjøpet (vår eller haust 2023) må difor vere avklara med næraste leiar. [På nettsidene våre er det meir informasjon om ordninga og elektronisk søknadsskjema.](#)

### **11 millionar å hente frå Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal**

Regionalt Forskingsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.





### Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### Ekeland har publisert i Annals of Theoretical Psychology

[Professor Tor-Johan Ekeland](#), ASH, har publisert artikkelen "[Clinical Practice: Etichs Before Evidence!](#)" i serien "Annals of Theoretical Psychology (vol 18)", redigert av Birthe Loa Knizek og Sven Hroar Klempe, på Springer Verlag.

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Ledig mellombels stilling som førstekonsulent på Avdeling for mediefag - søknadsfrist 20. februar 2022**

Avdelingsadministrasjonen ved Avdeling for mediefag har ledig vikariat i 100 % stilling som førstekonsulent i perioden 15. mars til 30. juli 2022. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Ledig stilling som senterleiar for Nynorsksenteret - søknadsfrist 10. mars 2022**

Nynorsksenteret ser etter ein inkluderande leiar med engasjement, gode samarbeidsevner og evne til strategisk tenking. Vi ynskjer oss ein leiar med leiarerfaring, som kan drive internt utviklingsarbeid og bygge ein lærande organisasjon. Leiaren har personalansvar og budsjettansvar. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 20. april 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leiing. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)



Kultur



Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)  
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

11.-26.02.2022: [VEKA: Studentveka](#), Rokken  
17.02.2022: [VEKA: brenn.](#), Rokken  
18.02.2022: [SKRUK](#), Volda kyrkje  
18.02.2022: [VEKA: Standup med Henrik Fladseth](#), Rokken  
18.02.2022: [Gunsmoke](#), Tredet  
19.02.2022: [VEKA: Klikkedisko](#), Rokken  
20.02.2022: [VEKA: Kanonballturnering](#), Idrettsbygget  
21.02.2022: [Dameskikveld](#), Volda skisenter  
22.02.2022: [VEKA: Tren med Victoria Tolaas](#)  
22.02.2022: [VEKA: Vekavision](#), Rokken  
22.02.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet  
23.02.2022: [VEKA: Vekakviss](#), Rokken  
24.02.2022: [VEKA: Staysman](#), Rokken  
25.02.2022: [VEKA: Fieh](#), Rokken  
26.02.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
26.02.2022: Handball, kvinner: [Volda - Nordstrand](#), VCA  
27.02.2022: Volleyball, kvinner: [KFUM Volda - Oslo](#), VCA  
04.03.2022: [Multiverse \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
04.03.2022: [Loui & Lexus + Åse](#), Rokken  
05.03.2022: Handball, menn: [Volda studentidrettslag \(VSI\)-Stranda](#), Ørstahallen  
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Sunnfjord](#), VCA  
06.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Førde](#), VCA  
08.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet  
09.03.2022: [Riksteateret: Trine Rein femti, Feit \(og enda meir\) Bitter](#), Ørsta kulturhus  
11.-12.03.2022: [Standup](#), Tredet  
12.03.2022: [Jazzkafé \(Jazzklubben\)](#), Tredet  
12.03.2022: [Bryggarmeisterskap](#), Ørsta kulturhus  
13.03.2022: [Riksteateret: Hedda Gabler](#), Ørsta kulturhus  
15.03.2022: [Venner på veien](#), Ørsta kulturhus  
16.03.2022: Handball, kvinner: [Volda - Fjellhammer](#), VCA  
17.03.2022: [Adam Douglas](#), Ørsta kulturhus  
18.03.2022: [Maridalen trio](#), Sæbø Dampskipsekspedisjon  
19.03.2022: Handball, menn: [Ørsta - Orkanger](#), Ørstahallen  
20.03.2022: [Symfoniorkesteret](#), Fosnavåg konserthus  
22.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet  
24.03.2022: [Skambankt // Ti for alt -2022](#), Rokken  
24.03.2022: [Konsert og bokslepp med Stig Ulv](#), Ørsta kulturhus  
25.03.2022: [Peppa pig live!](#), Ørsta kulturhus  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Breimsbygda](#), Honndalshallen  
27.03.2022: Volleyball, menn: [VSI - Studentspretten](#), Honndalshallen  
31.03.-03.04.2022: [X2-festivalen](#), Volda/Ørsta

# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Fleire av dei aktuelle møta og arrangementa kan bli formidla via video.

## Vårsemesteret 2022:

17.2.2022: [Forskingsutvalet](#)

17.2.2022: HMS-dag

3.3.2022: [Høgskulestyret](#)

8.3.2022: [Opprykksseminar](#)

11.3.2022: [Disputas: Kristine Vaadal](#), HVO

15.3.2022: [Webinar om Språklova og engelsk/norsk i akademia](#)

17.-18.3.2022: Studietur for rektors leiargruppe - UiB og HVL

24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH

31.3. - 1.4. 2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)

19.-20.4.2022: Personalseminar AKF

20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)

21.4.2022: [Forskingsutvalet](#)

22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)

25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund

4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)

5.5.2022: [Høgskulestyret](#)

17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF

1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)

2.6.2022: [Forskingsutvalet](#)

2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF

16.6.2022: [Høgskulestyret](#)

16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen

20.6.2022: Sommaravslutning ASH

22.6.2022: Sommaravslutning AMF

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

[Kvinner dominerer i søknadsskrivinga - rekordmange forskingssøknader frå Høgskulen i Volda](#)

(16.2.2022)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)